

Referat frå møte i styringsgruppa for kommunereform 7. mars 2016

Tid: Måndag 7. mars 2016 kl. 09:00

Stad: Kantina, Sentrumsbygget

Til stades: Hans Petter Thorbjørnsen (ordfører, A), Jon Olav Heggseth (SP), Håkon Gjerde (V), Stig Yngve Røkenes (H), Guro Ljone (SV) og rådmann Joakim S.T. Øren (referent).

Ordfører informerte innleiingsvis om status i saka og møtet 2. mars 2016 mellom ordførarar og rådmenn i Granvin, Ullensvang og Ulvik. Det var deretter meiningsutveksling om den vidare prosessen og strategien for dei vidare forhandlingane. Styringsgruppa var samstemde i at ordfører og rådmann går vidare for å sjå på moglegheita for å forhandla fram intensjonsavtale innanfor dei tre herada Granvin, Ullensvang og Ulvik. For det tilfelle det er naudsynt å utvida forhandlingsutvalet var det einigheit om at varaordfører Jens Olav Holven (SP) og Håkon Gjerde (V) tiltre utvalet. Ordførarar kontaktar ordførarane i Granvin og Ullensvang for å fastsette dato for vidare forhandlingar.

Det vart vidare opplyst at ordføraren i Eidfjord har invitert ordførarane i Granvin, Ullensvang og Ulvik til møte for å diskutera vidare prosess i saka. Møtet vil finne stad 8. mars 2016.

På grunn av utviklinga i saka er det naudsynt å endre den opphavlege tidsplanen som legg opp til folkerøysting 25. april. Det var einigheit om at datoen bør endrast. Då datoen er fastsett av heradsstyret vert det difor lagt opp til eit ekstraordinært heradsstyremøte 16. mars 2016 kl. 09:00 kor saka om folkerøysting vert einaste sak. Frå styringsgruppa vert det tilrådd at avgjersla om å fastsette endeleg dato for folkerøysting og førehandsrøysting vert lagt til valstyret.

Det var einigheit om å ta sikte på eit folkemøte i Ulvik i løpet av april.